

## KONKURRANSEGRUNNLAG

**Open anbodskonkurranse**

etter del I og III i forskrift

for anskaffing av

Rammeavtale om  
Nedkjemping av plantesjukdomen pårebrann

2023/112282

Oslo, 12.06.2023

## Innhald

<b>1. GENERELL BESKRIVING.....</b>	<b>3</b>
1.1 <i>Oppdragsgivar.....</i>	3
1.2 <i>Anskaffingas føremål.....</i>	3
1.3 <i>Varighet og omfang.....</i>	3
1.4 <i>Kontraktsvilkår .....</i>	4
1.5 <i>Oppdeling av konkurransen .....</i>	4
1.6 <i>Framdriftsplan .....</i>	4
<b>2. REGLAR FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN OG KRAV TIL TILBOD .....</b>	<b>4</b>
2.1 <i>Anskaffingsprosedyre .....</i>	4
2.2 <i>Spørsmål til konkurransen og annan kommunikasjon.....</i>	5
2.3 <i>Språk.....</i>	5
2.4 <i>Atterhald .....</i>	5
2.5 <i>Offentlegheit og teieplikt .....</i>	5
<b>3. EUROPEISK EIGENERKLÆRINGSSKJEMA (ESPD) .....</b>	<b>5</b>
3.1 <i>Generelt om ESPD.....</i>	5
3.2 <i>eBevis .....</i>	6
<b>4. KVALIFIKASJONSKRAV .....</b>	<b>6</b>
4.1 <i>Skatteattest.....</i>	6
4.2 <i>Leverandørens økonomiske og finansielle kapasitet.....</i>	6
4.3 <i>Leverandørens tekniske og faglege kvalifikasjoner .....</i>	6
4.4 <i>Underleverandørar .....</i>	7
<b>5. TILDELINGSKRITERIA .....</b>	<b>7</b>
<b>6. INNLEVERING AV TILBOD OG TILBODSUTFORMING .....</b>	<b>8</b>
6.1 <i>Innlevering av tilbod .....</i>	8
6.2 <i>Tilbodets utforming.....</i>	Feil! Bokmerke er ikke definert.
6.3 <i>Elektronisk signering.....</i>	8
<b>7. Vedlegg .....</b>	<b>8</b>

# **1. GENERELL BESKRIVING**

## **1.1 Oppdragsgivar**

Mattilsynet er staten sitt tilsyn for planter, fisk, dyr og næringsmiddel. Samfunnsoppdraget vårt er å:

- trygge helsemessig trygg mat og trygt drikkevatn
- fremje god helse hjå planter, fisk og landdyr
- fremje god dyrevelferd og respekt for dyr
- fremje helse, kvalitet og forbrukaromsyn
- ivareta miljøvenleg produksjon

Mattilsynet har om lag 1300 tilsette og er organisert i to forvaltningsnivå; hovudkontor og fem regionar med om lag 70 kontorstadar spreidd over heile landet.

For meir informasjon, sjå [www.mattilsynet.no](http://www.mattilsynet.no)

## **1.2 Anskaffinga sitt føremål**

Mattilsynet ønskjer bistand til rydding for å hindre smittespreiing av plantesjukdomen pærebrann (*Erwinia amylovora*).

Mattilsynet ønskjer tilbod for rydding i Agder, Rogaland, Vestland og Møre og Romsdal.

Det kan og bli aktuelt med rydding andre stader enn dei som er nemnde. Rammeavtalane kan og nyttast ved eventuelle utbrot andre stader i landet. Smittesituasjonen vil avgjere det totale omfanget, og det er Mattilsynet som til ein kvar tid avgjer ryddeomfanget.

Sjå punkt 1.5 om oppdeling av konkurransen.

Sjå også beskriving av leveransen som følgjer av Vedlegg 1 – Behovsskildring og Vedlegg 2 – Kravspesifikasjon.

## **1.3 Varighet og omfang**

Rammeavtalen(-e) vil ha ei varighet på to år, med moglegheit for Mattilsynet å forlengje den med inntil to år (eitt år om gongen).

Avtalen er estimert til ein totalverdi på om lag 8 millionar NOK eksklusive mva. over ein periode på 4 år, inkludert opsjonar. Det oppgitte forbruket er eit estimat basert på historisk forbruk og forventa pris- og volumauke.

Basert på historisk forbruk er fordelinga per år for dei ulike områda/fylka om lag følgjande:

- Agder – kr 300 000,-
- Rogaland – kr 700 000,-
- Vestland – kr 700 000,-
- Møre og Romsdal – kr 300 000,-

Omfanget er basert på hendingar og smitteutvikling og det er difor vanskeleg å konkretisere omfang for kvart av dei fire områda. I tillegg kan vår forvaltningsplan og prioriteringar endrast i avtaleperioden. Omfanget er ikkje bindande for framtidig avtalevolum.

Avtalen har ein øvre takverdi på totalt 12 millionar NOK eksklusive mva. Dersom dette beløpet blir overskride i løpet av avtaleperioden, må det utlysast ein ny konkurranse.

## 1.4 Kontraktsvilkår

Rammeavtalen(-e) blir regulert av Mattilsynet sine standardvilkår for rammeavtalar for tenestekjøp, jf. Vedlegg 6 – Standardvilkår rammeavtaler tjenestekjøp inkl. bilag 3 Priser og betalingsplan.

## 1.5 Oppdeling av konkurransen

Det er høve til å gje tilbod på delar av oppdraget, det vil seia tilbod på følgjande delar:

1. Agder
2. Rogaland
3. Vestland
4. Møre og Romsdal

Tilbydarar kan levere tilbod på alle områda 1-4 eller på eitt eller fleire av områda i punktet. Mattilsynet har rett til å inngå kontrakt på alle eller deler av de tilbodne områda.

## 1.6 Framdriftsplan

Oppdragsgivar har lagt opp til følgjande tidsrammer for prosessen:

Aktivitet	Tidspunkt
Frist for spørsmål til konkurransegrunnlaget	04.08.2023 kl. 1400*
Frist for å levere tilbod	<b>14.08.2023 kl. 1200</b>
Kontraktstildeling	Uke 33-34
Karensperiode	10 dagar
Signering av kontrakt	Uke 35
Vedståelsesfrist	30.09.2023

\*Spørsmål vil ikkje bli svara på i perioden 14.07 – 04.08.2023 grunna ferieavvikling.

Det blir gjort merksam på at tidspunkta etter tilbodsfrist er førebels. Ein eventuell forlenging av vedståelsesfristen kan berre skje med tilbydaren sitt samtykke.

# 2. REGLAR FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN OG KRAV TIL TILBOD

## 2.1 Anskaffingsprosedyre

Anskaffinga blir gjennomført i samsvar med lov om offentlege anskaffingar av 17. juni 2016 (LOA) og forskrift om offentlege anskaffelser (FOA) FOR 2016-08-12-974 del I og III. Kontraktstildelinga vil bli gjennomført i samsvar med prosedyren Open anbodskonkurranse, jf. FOA § 13-1 (1).

Vi gjer merksam på at ved anskaffingar etter prosedyren open anbodskonkurranse er det ikkje høve til å forhandle. Det er også avgrensar moglegheiter for avklaringar eller kontakt med tilbydar under tilbodsevalueringa. Tilbydar oppfordrast difor til å levere sitt beste tilbod og følgje retningslinjene som er gitt i dette konkurransegrunnlaget med vedlegg, og eventuelt stille spørsmål via Mercell ved uklarheiter.

## **2.2 Spørsmål til konkurransen og annan kommunikasjon**

All kommunikasjon i prosessen skal skje via Mercell ([www.mercell.com](http://www.mercell.com)), som er oppdragsgivar sitt verktøy for gjennomføring av konkurransen. Kommunikasjon om anbodskonkurransen utanfor Mercell vil ikke bli svara på.

Siste frist for spørsmål er oppgitt i framdriftsplanen. Tilbydarar oppfordrast til å stille spørsmål ved uklarheiter. Alle spørsmål og svar vil bli anonymiserte og publisert i Mercell.

Eventuelle rettingar, suppleringar eller endringar av konkurransegrunnlaget vil bli formidla til alle leverandørar som har registrert si interesse for anskaffinga i Mercell. Alle tilbydarar som har meldt si interesse i Mercell, vil få beskjed når oppdragsgivar legg ut svar på spørsmål eller annan tilleggsinformasjon.

Dersom det blir oppdaga feil i konkurransegrunnlaget, ber vi om at dette blir formidla til oppdragsgivar via Mercell.

Tilbydarar som ikke er brukarar av Mercell, eller som har spørsmål knytt til funksjonalitet i verktøyet, til dømes korleis gi tilbod, kan ta kontakt med Mercell Support på tlf.: 21 01 88 60 eller på e-post til: [support@mercell.com](mailto:support@mercell.com)

## **2.3 Språk**

Alle dokument, eller anna kommunikasjon som omhandlar denne konkurransen, skal vera på norsk. Tilbodet skal leverast på norsk.

Arbeidsspråket skal vere norsk.

## **2.4 Atterhald**

Eventuelle etterhald til konkurransegrunnlaget og/eller kontraktsvilkåra må spesifiserast i tilboden. Det kan ikke takast vesentlege etterhald mot kontraktsvilkåra. Atterhald som medfører tvil om korleis tilboden skal vurderast i høve til dei andre tilboda, kan føre til at tilboden blir avvist.

## **2.5 Offentlegheit og teieplikt**

For allmennhetas innsyn i dokument til ein offentleg anskaffing gjeld offentleglova. Oppdragsgivar og denne sine tilsette har plikt til å hindre at andre får tilgang til eller kunniskap om opplysningar om tekniske innretningar og framgangsmåtar eller drifts- og forretningsforhold som er av konkurransemessig betydning å halde hemmelege, jf. FOA § 7-4, jf. forvaltningslova § 13.

# **3. EUROPEISK EIGENERKLÆRINGSSKJEMA (ESPD)**

## **3.1 Generelt om ESPD**

Som ein førebels dokumentasjon på oppfylling av kvalifikasjonskrav, at det ikke føreligg avisingsgrunnar og eventuelt oppfylling av utveljingskriterium, skal tilbydaren fylle ut eit egenerklæringsskjema, European Single Procurement Document (ESPD). Tilbydar må svara på krava i ESPD-skjemaet før tilboden blir levert. Skjemaet fyllast ut i Mercell.

Dei norske anskaffingsreglane går lenger enn det som følgjer av avisingsgrunnane som er oppgitt i EUs direktiv om offentlege anskaffingar og i standardskjemaet for ESPD. Det blir presisert at i denne konkurransen gjeld alle avisingsgrunnane i anskaffingsforskrifta § 24-2, inkludert dei reint nasjonale avisingsgrunnane, § 24-2(2) og § 24-2(3) bokstav i.

## 3.2 eBevis

Oppdragsgivaren brukar eBevis for å innhente opplysningar knytt til kvalifikasjonskrav og avisingsgrunnar i denne konkurransen. Opplysningar om restansar frå Skatteetaten og firmaopplysningar frå Brønnøysundregistra er blant informasjonen som blir henta inn.

Oppdragsgivaren ber om samtykke til bruk av eBevis. Når tilbydaren leverer tilbodet sitt i Mercell, vil han kort tid etter få ei førespurnad om å gi fullmakt til å innhente opplysningar via eBevis. Fullmakta må svarast på i Altinn. Dersom du ikkje samtykkjer til bruk av eBevis, må dokumentasjonen oppdragsgivaren ber om sendast inn manuelt.

## 4. KVALIFIKASJONSKRAV

Tilbydar må sende inn dokumentasjon på oppfylling av kvalifikasjonskrava i punkta 4.1 – 4.4 nedanfor saman med tilboden.

### 4.1 Skatteattest

Krav	Dokumentasjonskrav
Tilbydar skal ikkje ha restansar på betaling av skatt og meirverdiavgift	<ul style="list-style-type: none"><li>Oppdragsgivar vil innhenta skatteopplysningane via eBevis.</li><li>Dersom du ikkje samtykkjer til bruk av eBevis må skatteattest for betalt meirverdiavgift og skatt leggjast ved tilboden. Attesten kan ikkje vere eldre enn 6 månader rekna frå tilbodsfristen.</li></ul>

### 4.2 Leverandørens økonomiske og finanzielle kapasitet

Krav	Dokumentasjonskrav
Tilbydar skal ha tilstrekkeleg økonomisk og finansiell kapasitet til å kunne oppfylle kontrakten. Kreditverdigheit utan krav til sikkerheitsstilling vil vere tilstrekkeleg for å oppfylle kravet.	<ul style="list-style-type: none"><li>Kredittvurderinga skal basere seg på siste kjende rekneskapstal. Ratingen skal vere utført av ein kredittopplysningsverksemd som har konsesjon til å drive slik verksemd. Kreditratingen skal vere minimum A (Dun &amp; Bradstreet), eller tilsvarende.</li></ul>

Dersom tilbydar har sakleg grunn til å ikkje leggje fram den dokumentasjonen oppdragsgivar har kravd, kan han dokumentere si økonomiske og finanzielle kapasitet ved å leggje fram kva som helst anna dokument som oppdragsgivar reknar som passande.

### 4.3 Leverandørens tekniske og faglege kvalifikasjoner

Krav	Dokumentasjonskrav
Tilbydar skal ha erfaring frå samanliknbare oppdrag	<ul style="list-style-type: none"><li>Beskriving av leverandøren sine inntil 3 mest relevante oppdrag i løpet av dei siste 3 åra. Beskrivinga må inkludere oppgjeving av oppdragets verdi, tidspunkt og mottakar (namn, telefon og e-post). Det er leverandøren sitt ansvar å dokumentere relevansen gjennom beskrivinga.</li></ul>

Dersom eit eller fleire kvalifikasjonskrav ikkje er tilfredsstilte, vil tilbydaren sitt tilbod ikkje bli vurdert.

#### **4.4 Underleverandørar**

Tilbydar må opplyse om eventuell bruk av underleverandørar. Det skal oppgivast namn på underleverandørane og kva oppgåver dei vil bli nytta til. Det er likevel hovudleverandøren som Mattilsynet inngår kontrakt med, som vil vere ansvarleg for gjennomføringa av oppdraget, inkludert rapportar og fakturering.

Hovudleverandøren er ansvarleg for at ein underleverandør tilfredsstiller dei same krava som er stilt til hovudleverandøren. Dette må kunne dokumenterast ved førespurnad.

Dersom tilbydar støttar seg på kapasiteten til andre verksemder for å oppfylle krava til økonomisk og finansiell kapasitet og tekniske faglege kvalifikasjonar, skal han dokumentere at han rår over dei nødvendige ressursane, for eksempel i form av ei forpliktingserklæring.

Det skal i tillegg leverast eigne ESPD-skjema for aktuelle underleverandørar.

### **5. TILDELINGSKRITERIA**

Tildelinga skjer på bakgrunn av kva tilbod som har det beste forholdet mellom pris og kvalitet, basert på følgjande kriteria:

Tildelingskriteria	Vekt	Dokumentasjonskrav
<b>Kvalitet</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Under dette kriteriet vurderast<ul style="list-style-type: none"><li>○ Tidlegare erfaring</li><li>○ Oppdragsforståing</li><li>○ Samarbeidsform</li></ul></li></ul> <p>Ved innhenting av referansar kan det mellom anna bli spurta om opplevd kvalitet, evne til planlegging, samarbeidsform og arbeidsleiing.</p>	40 %	Utfylt Vedlegg 2 – Kravspesifikasjon og utfylt Vedlegg 4 - Referansesekundar
<b>Leveranseggjennomføring</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Under dette kriteriet vurderast<ul style="list-style-type: none"><li>○ Omfang og kapasitet med omsyn til personell og utstyr.</li><li>○ Fleksibilitet med omsyn til prioriterte oppgåver og eventuelle oppdrag andre stader utanom dei fastsette fylka og områda.</li><li>○ Kostnadseffektive løysingar ved ryddearbeidet.</li><li>○ Responstid ved bestilling av oppdrag.</li></ul></li></ul>	30 %	Utfylt Vedlegg 2 - Kravspesifikasjon
<b>Pris</b>	30 %	Utfylt Vedlegg 3 - Prisskjema

## **6. INNLEVERING OG UTFORMING AV TILBOD**

### **6.1 Innlevering av tilbod**

Alle tilbod skal leverast elektronisk i Mercell-portalen, [www.mercell.com](http://www.mercell.com), innan tilbodsfristen, jf. Framdriftsplanen over. Systemet tillåt ikkje å sende inn tilbod etter at tilbodsfristen har gått ut.

Dersom det kjem tilleggsinformasjon frå oppdragsgivare som fører til at du ønskjer å endre tilboden ditt før tilbodsfristen går ut, kan du gå inn og opne tilboden, gjere eventuelle endringar og levera på nytt heilt til tilbodsfristen går ut. Det sist leverte tilboden blir rekna som det endelege tilboden.

### **6.2 Utforming av tilboden**

Tilboden skal leverast i samsvar med den utforminga som det elektroniske systemet for innlevering angir. Tilbydar er sjølv ansvarleg for å svara på og dokumentere alle spørsmål, krav og avklaringspunkt i tilboden.

Tilboden skal utformast med følgjande disposisjon:

- Tilbodsbrevet må innehalde følgjande:
  - Angi kva delar av anskaffinga tilboden gjeld for, jf. Punkt om oppdeling av konkuransen
  - Eventuelle etterhald til kontrakten eller konkurransegrunnlaget, jf. Punkt om etterhald
- Dokumentere/beskrive oppfyllinga av kvalifikasjonskrava
- Fylle ut ESPD-skjema, fyllast ut i Mercell
- Dokumentere/beskrive oppfyllinga av alle krava i *Vedlegg 2 - Kravspesifikasjon*.
- Fylle ut *Vedlegg 3 - Prisskjema*.
- Fyll ut tre referansar i *Vedlegg 4 – Referansesekundar*.
- Fylle ut felt merkte med grønt i *Vedlegg 5 - Avtaledokument*.

Mattilsynet reserverer seg retten til å avlyse konkurransen dersom det føreligg sakleg grunn.

### **6.3 Elektronisk signering**

Vi nyttar elektronisk signatur for å autentisere leverandøren ved innlevering av tilboden. Elektronisk signatur kan bestillast på [www.commfides.com](http://www.commfides.com), [www.buypass.no](http://www.buypass.no) eller [www.bankid.no](http://www.bankid.no).

## **7. Vedlegg**

- Vedlegg 1: Behovsskildring
- Vedlegg 2: Kravspesifikasjon
- Vedlegg 3: Prisskjema
- Vedlegg 4: Referansesekundar
- Vedlegg 5: Avtaledokument rammeavtale tjenestekjøp
- Vedlegg 6: Standardvilkår rammeavtaler tjenestekjøp inkl. bilag 3 Priser og betalingsplan.